

FJALER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.
14/37-1/OLH
14/378

Dykkar ref.

Arkiv
K2-N64

Dato:
14.01.2014

Søknad om overføring av løyvde midlar breibandsløftet 4 og 5 til prosjektet - fiber til Lutelandet industriområde

Viser til tidlegare samtale om ubrukte midlar til mobil og breiband og søker om å få midlane overført til nytt prosjekt.

--

Avklaring – ubrukte midlar

Vi viser til følgjande ubrukte tilskotsmidlar og søker om å overføre desse til nytt prosjekt.

- Tilskot kr 300.000,- mobildekning Heggheim/Steinset (H/S) – 10.12.09, ref 09/2447-49
- Tilskot kr 150.000,- breibandsutbygging H/S – brev frå it-forum 26.5.10
- Tilsagn om utvida løyving på opptil kr 200.000,- breibandsutbygging H/S – brev frå it-forum 14.7.10.

Samla ubenyttta tilskot kr 500.000,-

Bakgrunn for at midlane ikkje er nytta

Bakgrunnen for at midlane ikkje har vore nytta skyldast at leverandøren sjølv har teke kostnadane med utbygging.

Utfordringa med dette prosjektet og andre tilsvarande prosjekt er at det i det aktuelle område for utbygging kun er ein leverandør (Telenor). Det har teke tid og tek tid å få på plass avtalar og iverksatt utbygging. Frå søknadstidspunkt og fram til installasjonen er gjennomført, går det opptil 3-4 år. I den tid skjer det både teknologiske endring og endringar i leverandøren sine prioriteringar. På Guddal vart løysinga 3G (mobil/breiband) istadenfor edge (mobil) + weimax (breiband).


Vi vonar at Fylkeskommunen ser desse samanhengane når vi no søker om å få overført midlane til eit nytt prosjekt.

Minner om at med unntak av mobildekning Tysse, Tyssedal og Gjølanger som har mykje tilsvarande problemstilling som Guddal, er Fjaler sine prosjekt gjennomført slik som planlagt.

SØKNAD

Kort beskrivelse

Søknaden omhandler støtte til utbygging av fiber til Lutelandet industriområde.



Aktuell løysing er å legge ny fiber fram til Lutelandet frå trassen på Einingsfjellet, knytte aksessen til node i Askvoll. Seinare vil det kunne etablerast node på Fure og knytt til brukarar der.

Prosjektbeskrivelse

Det har dei siste åra vore arbeid med å få på plass aktivitetar på Lutelandet. Det har kontinuerleg vore arbeid med tilrettelegging av område og å få i gang aktivitetar. Det er pr i dag fleire verksemdar som er etablert i område i nær tilknytning til Lutelandet og det vil i løpet av 1. halvår bli oppført brakkerigg med kontorplassar for fleire verksemdar. Dette er verksemdar som driv innan ingeniørbransjen og som har stort behov for ei fiberløysing. Lutelandet Offshore, Lutelandet Utvikling, Sunnfjord Maritime Consulting, Rådgjevande agronomer er no etablert i området. Truleg kjem det fleire verksemdar på plass i løpet av 2014. Behovet for fiber gjelder både planlegging og etter kvart som aktiviteten kjem i drift, styring av operative verktøy/løysingar. Det betyr at fiber har høg strategisk betydning for utvikling og drift av aktivitetar på Lutelandet.

Informasjon om kva som blir jobba med på Lutelandet, finn ein og på nettsidene – www.lutelandet.no, www.llof.no og www.smc-as.no

Kontaktopplysningar

Søkjar – Fjaler kommune
Kontaktperson – Ola Hovland 57 73 80 55
Prosjektleder – Åge Guddal – 57 73 80 60

Spesifikasjon

Dagens dekning og kapasitet

Radiolink med låg og ustabil kapasitet, mellom 2-3mbps.

Behov

Kapasitetsbehov er berekna til å vere mellom 200 og 400mbps

Bakgrunn

Lutelandet er eit over 3000 mål stort industriområde sentralt plassert på norskekysten nær store olje- og gassfelt og store mineralressursar. I tillegg er her god vind for kraftproduksjon. Her er det plass til både servicehamn for petroleumsindustrien, offshore vindkraft, energiproduksjon og opphogging og demontering av oljeinstallasjonar.

Lutelandet ligg mindre enn ein times køyring frå næraste flyplass. Frå Bergen er det tre timar med bil. Industriområdet ligg sentralt ved skipsleia med ryddig og god innsegling til hamneområdet. Innseglinga har minimumsdjupne på 100 meter. Kaiar har minimumsdjupne på 20 meter. Området er også veileigna for produksjon av fornybar kraft. Difor er det under planlegging ein vindpark på 50 MW vest på industriområdet

Potensiale og det målet ein jobbar mot tilseie at dette kan bli eit av dei største industriutviklingsprosjekta i Sogn og Fjordane dei kommande åra og har stor betydning for satsing og utvikling av Fjaler kommune.

Vi har allereie opplevd tilbakeflytting til område og har mellom annan fått auke i behov for barnehageplassar.

Prosjekt mål

Å få bygd ut fiber til verksemdene som er etablerte og skal etablere seg på Lutelandet. Ved etablering av fiber til Lutelandet blir det teke omsyn til å knytte til andre brukarar i område seinare.

Forankring

I Fjaler sin kommuneplan (som er under utarbeiding) er fiberutbygging eit satsingsområde og der Grytøyra/Våge (Lutelandet) og Flekke er skildra som sentrumsområde.

Utvikling av aktivitet på Lutelandet er svært sentralt i kommunen sitt arbeid for å auke folketalet med 1% årleg i åra som kjem.

Viser elles til:

Planstrategi 2012-2015, vedteken i kommunestyre 14.5.12.

Underpunkt 3.2 Næringsutvikling «*kontinuerleg fokus på pågåande prosjekt innan breibandsutbygging, hotell og betre vegar – vil fremje vekst*».

Strategisk næringsplan 2012-16, vedteken i kommunestyre 11.6.12.

Eit av punkta under Hovudmål – «*arbeide for å utvikle industri på Lutelandet*»

Strategi 2 – Tilrettelegging

Pkt 2.4 – *Jobbe for tilfredsstillande breibands- og mobildekning.*

Pkt 2.8 – *Arbeide aktivt for industriutvikling på Lutelandet innan fornybar energi og oljerelatert næring og legge til rette for å styrke eksisterande næringsliv sin posisjon som leverandør og samarbeidspartar for aktørar på Lutelandet.*

Prosjektorganisering

Prosjektleiari er fast tilsett funksjon i Fjaler kommune. Har ansvar for kommunale utbyggingsprosjekt i Fjaler kommune. Byggteknisk utdanning. Har hatt ansvar for tilsvarande prosjekt, mellom anna fiber til verksemdene Haugland og pågåande fiberutbygging i Dale.

Samarbeidspartar

Lutelandet Eigedom AS

Aktivitetar

Dersom fylkeskommunen akseptere å overføre omsøkte midlar til nytt prosjekt, vil prosjektet bli gjennomført i samsvar med regelverk for offentleg anskaffelsar.

Målgruppe

Primært verksemdar som etablerer aktivitetar på Lutelandet.

Resultat

Utbygd fiber nett vil gi muligheiter til:

- Lyd og bilete, telefoni og video
- Bruk av løysingar til planlegging
- Bruk av løysingar til drift

Sjå prosjektbeskrivelse

Levetid og drift

Det blir operert med levetid på fibernett (avskrivning) på 20-30 år. Det vil vere eit av kriteria i ein anbudsprosess – krav om infrastrukturen blir driven i minimum 10 år.

Effekter

Auke i tal nye verksemdar og auke i folketal (særskilt i ytre deler (vest) av kommunen. Dette vil og kunne gi positive effektar for nabokommunane. Solund, Hyllestad og Askvoll.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Det er ynskjeleg/behov for at løysinga er på plass innan sommaren 2014.

Dette vil vere noko avhengig av regelverk for off.anskaffelsar og kapasitet hjå leverandør.

Budsjettplan

Totalbudsjett	720.000
Finansiering	
Eigenandel Fjaler kommune/Lutelandet Eigedom AS	220.000
Sogn og Fjordane fylkeskommune – overføring av løyvde midlar	500.000,-

Ver vennleg å ta kontakt dersom det er spørsmål eller behov for meir informasjon.

Med helsing

Ola Hovland
rådmann

Direkte tlf: 57738055

Kopi: Lutelandet Eigedom AS